

Rosendal/Uskedal med tre lag i Norway Cup

09.07.2007

Rosendal/Uskedal deltek dette året med tre lag i Norway Cup, i smågut 93 klasse F, smågut 94/95 klasse D og småjenter 93 klasse V.

Laga reiser med buss laurdag 28. juli kl. 8 frå grana i Uskedalen og ein halvtime seinare frå Rosendal Samfunnshus. Rosendal/Uskedal drar til hovudstaden med 70/80 personer. 50 av dei skal bu på Vålerenga skule og dei andre på hotell og privat, melder heimesida til Rosendal Turnlag

Laga er kome i tøffe puljer, til dømes skal småjentelaget møte vinnarane frå i fjor Spjelkavik i første kamp, som går søndag kl.12.
Neste kamp er mot Snarøen måndag kl. 12.45 og tredje kamp mot Skotfoss tirsdag kl. 17.30.

De eldste smågutane møter Hødd søndag kl. 12.45, Gyland måndag kl. 10.30 og Veblung/Isfjord tirsdag kl. 15.45.

De yngste smågutane spelar mot Strindheim 2 søndag kl. 12.25, Lørenskog måndag kl. 14.45 og Korsvoll torsdag kl. 9.30.